

# BESTANDSPLAN FOR HJORT



## VEVRING STORVALD 2011 - 2013

## INNHALDSLISLE

### DEL 1 INNLEIING

1.1 Planområde.....	3
1.2 Planperiode.....	3
1.3 Hovudmål og delmål.....	3

### DEL 2 STATUS OG VURDERINGAR.....4

2.1 Hjorteviltstammas utbreisle og trekkforhold.....	4
2.2 Beiteskader.....	4
2.3 Statistikk.....	4
2.3.1 Felte dyr fordelt på alders og kjønnsgrupper.....	4
2.3.2 Sett Hjort registreringar.....	5
2.3.3 Måloppnåing førre bestandsplanperiode.....	6
2.3.4 Slaktevekker.....	6

### DEL 3 HANDLINGSDEL.....7

3.1 Avskyting.....	7
3.2 Felling av skadedyr .....	8
3.3 Reglar for jaktutøving.....	8

### DEL 4 DRIFT.....9

4.1 Utgifter.....	9
4.2 Ettersøksavtaler.....	9
4.3 Rapportering.....	9

### DEL 5 AVSKYTINGSPLAN.....9

5.1 Søknadsgrunnlag.....	9
5.2 Fordeling av løyve på kjønns- og aldersgrupper.....	9
5.3 Flytting av løyver mellom år innanfor planperioden.....	9
5.6 Skrapdyr.....	10
5.7 Løyvefordeling mellom jaktfelte.....	10

## DEL 1 INNLEIING

### 1.1 Planområde

Valdet sitt område er avgrensa til desse jaktfelta: 01-026 Apalseth, 01-027 Årseth, 01-028 Vassbotten, 01-029 Ytre Vefring, 01-030 Indre Vefring, 01-031 Engebø, 01-032 Gryta, 02-035 Redal Øvre, 02-036 Redal – Horsevik og 02-037 Underlid. Jaktfeltstukturen kan bli endra i planperioden, i samsvar med vedtektene.

Totalt areal for valdet er 30 259 dekar



**Figur 1.** Kart som syner utstrekninga til Vefring storvald. PS: Dei innteikna grensene er rettleiande. Kjelde: Statens kartverk og Naustdal kommune.

### 1.2 Planperiode

Lovverket fortel at det kan lagast opp til 5 årige planar. Denne planen vert lagt opp til å vare i tre år; 2011 – 2013.

### 1.3 Hovudmål og delmål

#### Hovudmål:

Valdet har som overordna mål å forvalta hjortestamma på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning, sunne og friske dyr, god kjøns- og aldersfordeling med passende stammestorleik i høve til område si bæremne (beitetilgong) og skadepress (skog og innmark) for anna verksemd.

#### Delmål:

- Halde på det tal dyr vi har i valdet i dag
- Auke delen eldre bukkar i bestanden
- Auke slaktevektene på sikt ved systematisk uttak av små dyr.
- Halde på god og grundig føring av ”sett hjort - skjema” i planperioden

## DEL 2 STATUS OG VURDERINGAR

### 2.1 Hjorteviltstammas utbreisle og trekkforhold

Merkeprosjektet i Sunnfjord og Sogn har merka dyr i tilgrensande områder, som kan gje nyttig kunnskap om trekktilhøve i området. Resultata er ikkje heilt klare endå, men merkeprosjektet har registrert dyr som trekker gjennom storvaldet på si ferd mellom sommar- og vinterbeiter. Det er elles på det reine at der er ein del trekk mellom Vevring storvald og omkringliggande vald, særleg i nord og i aust.

Om det vert observert merka dyr med halsklave under jakta skal desse fellast dersom det let seg gjere. Ved observasjon utanom jakta er det ynskjeleg om de melder i frå om dette, enten til kommunen eller direkte til merkeprosjektet.

### 2.2 Beiteskader

Det er ikkje gjort undersøkingar som avdekkjer eventuelle beiteskader på skog eller innmark. Men det er områder i vinterbeiteområda med meir beiteskadar enn andre. Det kan i planperioden arbeidast med å kartlegge eventuelle skadar på innmark og skog.


### 2.3 Statistikk

Grunnlaget for statusvurderingar av hjortestamma i valdet ligg i fellingsstatistikken og sett hjort registreringane. I tillegg ser vi dette i lys av den førre bestandsplana

#### 2.3.1 Felte dyr i tal fordelt på alders og kjønnsgrupper

**Tabell 1.** Fellingstal for førre bestandsplanperiode, fordelt på kjønns- og aldersgrupper. Kjelde: Hjorteviltregisteret

Kategori	2008	2009	2010	totalt
Tildelt	107	107	106	320
kalv hann	8	11	10	29
kalv ho	15	10	7	32
1,5 hann	19	14	12	45
1,5 ho	14	24	15	53
eldre hann	15	23	16	54
eldre ho	20	23	22	65
sum	91	105	82	278
fellingsprosent	85	98,1	77,4	86,9




**Figur 2.** Fellinginga i førre bestandsplanperiode. Fellinginga totalt i perioden fordelt i prosent på ulike kjønns- og aldersgrupper

Fellingstala for førre bestandsplanperiode er synte i tabell 1 og figur 2. Fellingsprosenten var litt låg siste året, men totalt sett var den på 86,9 % for heile perioden. Det er om lag på gjennomsnittet for kommunen, og godt over gjennomsnittet for fylket. Det er uråd å seie noko enno om nedgongen i 2010 skuldast tilfeldige variasjonar eller om det er teikn på reduksjon i bestanden.

Fordelinga i avskytinga kan vi sjå i figur 2. Kjønnfordelinga er ganske jamn med ei lita overvekt av hodyr i uttaket (54 %). Aldersfordelinga er ikkje so aller verst, men andelen vaksne dyr i uttaket på 42,8 % er litt høg. Den er noko høgare enn det som var sett som maks i førre bestandsplan.

### 2.3.2 Sett hjort registreringar



**Figur 3.** Sett hjort parameter i perioden 2005 til og med 2010. Kjelde: Hjorteviltregisteret og Naustdal kommune.

Figur 3 syner dei tre mest nytta parametera i Sett hjort registreringane; sett hjort per jegerdagsverk, sett kolle per bukk og sett kalv per kolle. Sett hjort per jegerdagsverk er ein indeks som seier noko om kor tett eller kor stor bestanden er, og først og fremst seier den noko om korleis dette utviklar seg. Sett hjort per jegerdagsverk hadde ei kraftig auke i 2007 og har vore høg sidan det. Men der var ein markant nedgong igjen i 2010, noko som stemmer overeins med grunneigarane si oppfatning og observasjonar. Talet er framleis høgt og vitner om ein ganske tett bestand.

Sett kolle per bukk har og vore noko høg i førre periode, men har gått ned ein del i 2010. Indeksen er framleis noko høg, men innanfor det "akseptable". Ein bør likevel framleis ha fokus på ei kjønnsnøytral avskyting og ikkje skyte meir hanndyr enn kva som vert født inn i bestanden, altso ca 50 %.

Sett kalv per kolle er ein indikasjon på produksjonen i bestanden. Høg verdi tyder på produktiv bestand. Denne indeksen har jamt over auka sidan 2005, med ei markant auka siste år. Det tyder på ein produktiv bestand med mykje rekruttering. Som igjen betyr at ein lyt halde oppe ei høg avskyting på kalv og ungdyr om ein vil halde bestanden på dagens nivå.

### 2.3.3 Måloppnåing førre bestandsplan

Ein viktig del av bestandsplanarbeidet er å sjå på måloppnåing i førre bestandsplanperiode. Både for å kunne seie noko om kor "flinke" storvaldet er til å følgje sin eigen plan, og for å kunne avdekke behov for eventuelle endringar. Tabell 2 syner korleis måloppnåinga var på dei mest sentrale måla i førre bestandsplan.


**Tabell 2.** Syner måloppnåing i førre bestandsplanperiode

Mål i bestandsplan	felling	oppnådd?
Min 25 % kalv	21,9	nei
Min 35 % ungdyr	35,5	ja
Maks 15 % eldre hann	19,4	nei
Maks 25 % eldre ho	23,4	ja
Min 36 % av hodyr som 1,5-åring	44,9	ja
Min 59 % av hanndyr som 1,5-åring	45,5	nei

Målsetninga om min 25 % kalv i avskytinga vart ikkje oppnådd. Det vart heller ikkje målsetninga maks 15 % eldre hanndyr og målsetninga om at 59 % av hanndyra (1,5 år eller eldre) skulle vere 1,5-åring. Fellingsresultatet er likevel ikkje dramatisk, og godt innanfor det akseptable for ei fornuftig hjorteforvaltning. Likevel bør styret i storvaldet gjere dei nødvendige grep for at avskytinga i komande planperiode vert i tråd med vedteken plan.

### 2.3.4 Slaktevekter

Vektutviklinga i ein hjortebestand kan sei oss mykje i høve til kvalitet og produksjon. Vekta på 1,5 år koller er veldig interessant fordi ein veit kva dei må opp i for å produsere kalv. Ca 80% av 1,5 års koller som er tyngre enn 47 kg (slaktevekt) reknar ein med føder kalv som toåring. I tillegg kan slaktevektutviklinga på ulike kjønns- og aldersgrupper seie noko om kondisjonen på hjorten i bestanden, samt gje ein peikepinn på bestandsstorleik i høve til beitegrunnlag.



**Figur 4.** Syner utviklinga i slaktevektar i perioden 2004 -2009. Tal frå 2005 og 2010 manglar. Kjelde: Hjorteviltregisteret og Sogn og Fjordane Skogeigarlag.

I Figur 4 er utviklinga i slaktevektar for dei ulike kjønns- og aldersgruppene presentert. Som vi ser er slaktevektene ganske stabile, og ingen av gruppene syner dramatiske endringar. At vektene på eldre bukk kan variere noko er ganske vanleg, og kjem ofte meir som eit resultat av avskytingspolitikk enn av faktiske endringar i kondisjonen til bukkane. Det er gledeleg å sjå at dei fleste gruppene syner ei auke siste år i materialet. Tal for 2010 var dessverre ikkje klare då denne plana vart skriven.

## DEL 3 HANDLINGSDEL

### 3.1 Avskyting

Vevring storvald legg til grunn at bestanden har vore relativt stabil i siste planperioden. Enkelte stader lokalt i storvaldet var det likevel ein del som registrerte nedgang siste året. Ein veit ikkje sikkert om dette er eit forbigåande fenomen eller om det er starten på ei utvikling, men storvaldet meiner det er hensiktsmessig å følgje utviklinga tett slik at ein kan gjere naudsynte tiltak dersom det vert behov for. Styret i storvaldet vil difor tildele kvote til jaktfelte kvart år i planperioden.

Med den relativt stabile bestanden ynskjer Vevring storvald og halde seg på det same antalet løyver som i den førre planperioden, med 320 løyver for heile treårsperioden. Storvaldet ynskjer å ha størst mogeleg fleksibilitet i avskytingsregimet, samstundes som det er ynskjeleg å sikre bestanden ved å ta vare på produksjonsdyr og heller legge tyngda i avskytinga på rekrutteringsdyr.

**Fordelinga av løyva vil verte etter følgjande kjønns- og aldersfordeling:**

- Max 20 % eldre hanndyr
- Max 20 % eldre hodyr
- Min 60 % ungdyr/kalv

Innanfor ungdyr/kalv-kategorien bør kjønnsfordelinga vere nokolunde jamn, og kalveandelen bør helst ligge på min 20 % av den totale avskytinga. Men det vert ikkje sette krav om dette i utgangspunktet. Styret i storvaldet kan likevel sette krav om dette dersom det skulle verte naudsynt mot slutten av planperioden.

Ordninga med at 20 % av tildelinga per år kan overførast til eit anna år i perioden, held fram. Styret kan kome med vidare føringar for denne ordninga om det skulle verte naudsynt.

Storvaldet har som mål å auke slaktevektene på sikt ved å ta ut små dyr / skrapdyr. Ordninga med skrapdyrvekter vert derfor vidareført, med same vektene som før:

- Hannkalv: under 20 kg
- Hokalv: under 18 kg
- 1,5 ho: under 38 kg
- 1,5 hann: under 40 kg

### **3.2 Felling av skadedyr**

Felling av skadedyr vert handsama av det einssilde jaktfelt, og felte dyr vert teke på jaktfeltet si kvote. Ved større skadeproblem legg ein i planperioden opp til eit aktivt samarbeid med kommunen med sikte på å finne løysingar dersom slike høve skulle oppstå. Utanom jakttida må det søkjast kommunen om skadedyrløyve.

### **3.3 Reglar for jaktutøving**

Jegeren skal gjere sitt beste for å ikkje skyte kolla frå kalven. Skulle dette likevel skje, har han plikt til å prøve å avlive / skyte kalven også.

Det skal ikkje nyttast laushund på jakta før 1.oktober. Dersom laushund vert nytta etter dette, skal jakta føregå på ein slik måte at nabojaktfelt eller vald ikkje vert påført ulemper, t.d. ved at hunden kryssar jaktfeltgrenser.

Jeger / jaktlag skal **fortlaupande** rapportere til jaktfeltleiar om avskytinga, på slik måte at viltorgana har høve til å kontrollere utbytte, jfr. forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst. § 37. Rapporteringa er heimla i viltloven § 50, og brot på reglane kan medføre straff, jfr. viltloven § 56. Jegar / jaktlag må også halde seg orientert om bestandsplan, løyvetildelinga, fellingsstatus, dei lover og reglar som til ei kvar tid gjeld.

Jaktfeltleiareren innrapporterar felte dyr til storvaldet straks etter jaktslutt eller når styret ber om det.

## **DEL 4 DRIFT**

### **4.1 Utgifter**

Utgifter til drift av laget dekkjast av Vevring Storvald, og det skal i høve til dette arbeidast opp mot det kommunale viltfondet om å dekkje utgifter til normal drift av valdet etter søknad.

### **4.2 Ettersøksavtaler**

Viser til føreskrift om Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst §23:

*“Under jakt på elg, hjort og rådyr, skal jaktlag og personer som jakter alene ha tilgang til godkjent ettersøkshund. Fører og hund skal ha bestått praktisk prøve i henhold til instruks om prøving og godkjenning av ettersøkshund fastsatt av direktoratet.*

*Dersom slik hund ikke medføres under jaktutøvelsen, skal det gjennom skriftlig avtale være sikret tilgang innenfor et rimelig tidsrom etter påskyting. Kommunen kan kreve at jeger dokumenterer tilgang til godkjent ettersøkshund.”*

### **4.3 Rapportering**

Alle jaktfelt i valdet skal årleg levere rapport om felte dyr i høve til tal dyr og fordeling på kjønn og alder samt slaktevekter til styret i laget straks etter kvar jaktseong.

## **DEL 5 AVSKYTINGPLAN**

Vevring Storvald legg følgjande avskytingsplan fram for Naustdal kommune for perioden 2011 - 2013, og vil danne grunnlaget løyvetildeling.

### **5.1 Søknadsgrunnlag**

Vevring storvald søker kommunen om ei kvote på 320 valfrie dyr for perioden 2011 - 2013. Dette utgjør 1 dyr pr 284 da pr. år. Dette støtter opp under bestandsplanen sitt hovudmål om å halde bestanden på dagens nivå. Det vert lagt opp til ei tildeling ut til jaktfeltene på til saman 105 løyver per år i perioden, og at styret held att 5 løyver i ein skrapdyrkvote.

### **5.2 Fordeling av løyve mellom kjønns- og aldersgrupper**

For å nå dei måla som er sett opp i bestandsplanen vil Vevring storvald legge opp tildelinga av løyver etter følgande fordeling:

- Max 20 % eldre hanndyr
- Max 20 % eldre hodyr
- Min 60 % ungdyr og kalv

### 5.3 Flytting av løyver mellom år innanfor planperioden

Det vert lagt opp til at 20 % av eit årskvoten kan flyttast for eitt år om gangen innanfor planperioden.

Det er høve til å skyte 20 % over tildelt årskvote (berre aktuelt i år 1 og 2 i planperioden), men føresetnaden er at ordinær kvote er felt først. Uttak innafør denne grense kjem til frådrag **året etter**, og av same slag (ungdyr, vakse hodyr eller vakse hanndyr) som det ein har felt over kvoten.

Dersom ein ikkje klarer å felle tildelt årskvote kan ein overføre inn til 20 % **til året etter** (berre aktuelt i år 1 og 2 i planperioden). Ein kan berre overføre det slag (ungdyr, vakse hodyr eller vakse hanndyr) som ikkje er felt av ordinær kvote.

Siste året i planperioden kan ein berre skyte ordinær kvote, med overføring (enten tillegg eller frådrag) frå **året før**. Det er ikkje høve til å overføre kvote til neste planperiode.

### 5.4 Skrapdyr

Som eit ledd i å auke slaktevektene på hjortebestanden ynskjer ein å motivere til felling av dei minste dyra. Ein ynskjer spesielt å ta ut svært små årskalvar og 1,5 år dyr, slik at desse ikkje går inn i avlen vidare.

Som nemnt i punkt 3.1 er slaktevektgrensene på skrapdyr slik:

- Hannkalv: under 20 kg
- Hokalv: under 18 kg
- 1,5 års hodyr: under 38 kg
- 1,5 års hanndyr: under 40 kg

Dersom det vert skote skrapdyr, kan ein søkje styret i storvaldet om å få tildelt eit ekstra løyve i same kategori som det ein har skote. Det vert også fellingsavgift for skrapdyr. Dersom ein vurderer å søkje ekstraløyve, må ein snarast, og seinast innan 24 t, ta kontakt med styret slik at dei kan kontrollere at slaktevekta er under grenseverdiane.

### 5.5 Løyvefordeling mellom jaktfelta:

Styret vil stå for tildeling av løyve til jaktfelta. Tildeling vil skje for eit år i gongen, slik at ein kan gjere endringar undervegs i bestandsplanperioden dersom det skulle synast naudsynt.

Elles gjeld dei same pliktar om jakt og rapportering som viltlova med forskrifter stiller krav om.

Valdansvarleg for laget

For kommunen

.....

.....